



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Nora Fredriksen Lunde

Arkivreferanse: 2026/846-1

Friskus - fritidskort

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Utvalet for oppvekst, helse og omsorg	
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune etablerer ei universell fritidsstøtteordning for barn og unge i alderen 5 (skulealder) –18 år, administrert gjennom Friskus Fritidskonto. Ordninga vert innretta med eit årleg støttebeløp på inntil 1 000 kroner per barn.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av: Kommunestyret

Saka skal til innstilling i: Utvalget for oppvekst, helse og omsorg

Saksopplysningar

Oppsummering

Saka gjeld etablering av ei ny fritidsstøtteordning i form av eit universelt fritidskort for barn og unge i alderen 5 (skulealder) –18 år i Samnanger kommune. Rådmannen tilrår at ordninga vert administrert gjennom Friskus Fritidskonto, med eit årleg støttebeløp på inntil 1 000 kroner per barn. Ordninga skal leggja til rette for auka deltaking i organiserte fritidsaktivitetar, samstundes som ho gir ei enklare og meir oversiktleg forvaltning enn dagens søknadsbaserte ordning.

Bakgrunn for saka

[Kommunestyret vedtok i sak 121/2025 \(budsjett 2026\):](#)

«1. Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026–2029 vert vedteke slik det ligg føre, med følgjande endringar (punkt a–i):

a. Det vert sett av ytterlegare 380 000 kroner til fritidsstøtteordninga, for å utvida denne til å gjelda alle born og unge i Samnanger mellom 6–18 år, med ein sum på 1 000 kroner per person, tilsvarende ordninga i Kvam herad. Dei allereie avsette midlane til ordninga i budsjettet vert også vidareførte, slik at ytterlegare støtte kan gjevast til born og unge med særlege behov. Dette vert finansiert gjennom redusert avsetning til disposisjonsfond.»

[Kommunestyret vedtok vidare i sak 16/2026:](#)

«1. Samnanger kommune stansar livstilskotsordninga i si noverande form frå og med 06.03.26. Allereie innvilga vedtak vert gjennomførte i tråd med fastsette utbetalingstidspunkt.

2. Rådmannen får i oppdrag å sjå på løysinga Kvam herad og ev. andre kommunar med tilsvarende ordningar på Fritidskort for barn mellom 5–18 år. Med ei grense på inntil 3000 kr per år som kan dekke ein medlemskontingent i lag og organisasjonar som er tilknytt kommunen.

3. Andre støtteordningar kan søkjast om etter gjeldande reglar for nasjonale føringar (NAV, Sosial etc).»

På bakgrunn av vedtaka har rådmannen sett nærare på korleis ei fritidsstøtteordning kan innrettast. Friskus Fritidskonto er undersøkt som ei mogleg løysing, mellom anna fordi Samnanger allereie nyttar Friskus aktivitetskalender, og fordi løysinga vert nytta til fritidsstøtte i andre kommunar som har tilsvarende ordning.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar

Dagens fritidstilskotsordning i Samnanger

Fritidstilskotet er ei kommunal støtteordning for å dekkja utgifter knytte til deltaking i fritidsaktivitetar. Det vert søkt digitalt om tilskotet via kommunen sine nettsider. Det er sett eit årleg tak på inntil 3 000 kroner per søkjar.

Søknadene vert handsama enkeltvis av kommunen. Saksbehandlar handsamar søknaden og fattar vedtak. Etter at vedtak er fatta, vert grunnlaget for utbetaling registrert, før økonomikontoret gjennomfører utbetalinga.

I 2025 vart det utbetalt 255 000 kroner i fritidstilskot, fordelt på i overkant av 100 vedtak. Så langt i 2026 vart det utbetalt om lag 192 000 kroner, fordelt på om lag 60 vedtak.

Det er sett av 500 000 kroner til fritidsstøtteordninga. Gjennom budsjettvedtaket i desember 2025 vart det sett av ytterlegare 380 000 kroner til ordninga, finansiert gjennom redusert avsetning til disposisjonsfond.

Fritidskortordninga i Kvam herad

Kvam herad har ei universell fritidskortordning for barn og unge i alderen 6–18 år. Ordninga vert administrert gjennom den digitale løysinga Aktiv Fritid. Fritidskortet kan nyttast til betaling av medlemskontingent hos registrerte aktivitetstilbydarar. Gjennom Aktiv Fritid kan føresette betala direkte med fritidskortet eller søkja om refusjon dersom medlemskontingenten allereie er betalt.

Kvam har i tillegg Fritidskortet Pluss for barn og unge som har behov for økonomisk støtte utover det ordinære fritidskortet. Ordninga kan gi auka støtte til inntil éin aktivitet dersom det ordinære fritidskortet ikkje er tilstrekkeleg til at barnet eller ungdommen kan byrja med eller halda fram i aktiviteten. Ordninga er utforma som eit lågterskeltilbod, der familien kan ta direkte kontakt med fritidskoordinator utan krav om dokumentasjon av inntekt. Behovet vert vurdert individuelt. Kommunale tenester som NAV, skule, helsestasjon, PPT og barnevern kan òg melda frå om behov.

Rådmannen har undersøkt kva andre kommunar nyttar til fritidstilskotsordning og funne at brorparten nyttar friskus.

Friskus som digital løysing for fritidsstøtte

[Friskus](#) er ei digital plattform for aktivitet, frivilligheit og deltaking, og vert nytta av ei rekkje kommunar. Plattformen kan mellom anna nyttast til å samla informasjon om aktivitetar og organisasjonar i kommunen ([Samnanger nyttar allereie Friskus sin aktivitetskalender](#)), og har ei eiga løysing for administrasjon av kommunale støtteordningar til fritidsaktivitetar gjennom Friskus Fritidskonto. Friskus opplyser at løysinga kan tilpassast ulike kommunale ordningar, og at kommunen sjølv fastset kven som skal få støtte, storleiken på støtta og kva støtta kan nyttast til.

Fritidskontoen er ei digital løysing der kommunen kan tildela øyremerkte midlar som kan nyttast til betaling av medlemsavgift eller kontingent for faste og organiserte fritidsaktivitetar. Ordninga kan utformast på ulike måtar. Nokre kommunar nyttar løysinga til universell tildeling av eit fast beløp til barn og unge innanfor ei bestemt aldersgruppe, medan andre nyttar ho til målretta støtte. Dette inneber at Friskus er den tekniske løysinga for ordninga, medan kommunen sjølv fastset vedtekter og vilkår for den kommunale fritidsstøtta. Eit døme på ein annan kommune som nyttar Friskus Fritidskonto, [Bremanger kommune](#).

For Samnanger kan det vera aktuelt å nytta løysinga til ei universell fritidsstøtteordning for barn og unge i den aldersgruppa kommunen fastset. Midlane vert då gjorde tilgjengelege

gjennom ein personleg fritidskonto og kan nyttast i samsvar med dei kommunale vedtektene for ordninga.

For å oppretta ein Fritidskonto må brukaren registrera og verifisera seg gjennom ID-porten. Føresette kan administrera kontoen på vegner av barnet. Midlane kan nyttast til betaling hos lag og organisasjonar som er registrerte for å ta imot betaling gjennom Fritidskonto.

Eit døme er eit barn som ønskjer å delta på fotball i Samnanger. Dersom fotballaget er registrert i Friskus og medlemskontingenten er 1 200 kroner, kan føresette betala fakturaen med midlane på barnet sin Fritidskonto. Beløpet vert då betalt direkte til fotballaget gjennom løysinga.

Ordninga kan òg opnast for aktivitetar utanfor kommunegrensa. Lag og organisasjonar i til dømes Bergen eller andre nærliggjande kommunar kan registrerast i Friskus og ta imot betaling frå barn busette i Samnanger.

Kommunen får tilgang til eit eige administrasjonsverktøy der ein mellom anna kan tildela midlar, administrera Fritidskontoar og følgja bruken av ordninga.

Tilbodet frå Friskus

Samnanger kommune har innhenta tilbod på bruk av Friskus Fritidskonto. Oppstartskostnaden er 7 000 kroner ekskl. mva. og omfattar mellom anna oppsett av løysinga, planlegging, opplæring og oppfølging.

Fritidskonto er prisa til 2 900 kroner per månad ekskl. mva., tilsvarande 34 800 kroner per år. Prisen omfattar drift, vedlikehald og teknisk support, og løysinga er gratis å nytta for frivillige lag og organisasjonar.

Friskus tilbyr òg fleire tilleggstenester, mellom anna innbyggjarapp, aktivitetskalender og nyheitsfunksjon. Desse er ikkje inkluderte i den oppgitte årskostnaden for Fritidskonto.

Problemskildring

Saka skal avklara korleis ei framtidig fritidsstøtteordning i Samnanger skal innrettast og administrerast. Eit sentralt spørsmål er korleis ei universell ordning vil skilja seg frå dagens søknadsbaserte fritidstilskot, både for brukarane og for kommunen.

Som del av dette vert Friskus Fritidskonto vurdert som ei mogleg digital løysing for administrasjon av ordninga, opp mot ei vidareføring av dagens søknadsbaserte løysing.

Vurderingar og konsekvensar

Vurderingar

Ei universell fritidsstøtteordning vil innebera ei endring frå dagens ordning, der det vert søkt om støtte og kvar søknad vert handsama individuelt. Med ei universell ordning vert støtta tilgjengeleg for alle barn og unge som er omfatta av ordninga, innanfor dei vilkåra kommunen fastset.

Dette vil kunna gjera ordninga enklare å nytta og redusera behovet for individuell sakshandsaming. Samstundes vil ei universell ordning innebera at støtta vert tilgjengeleg uavhengig av familien sin økonomiske situasjon. Ordninga vil dermed leggja til rette for at alle barn og unge i målgruppa får lik tilgang til støtte, uavhengig av økonomisk behov. For familiar som har behov for ytterlegare økonomisk støtte til fritidsaktivitetar, kan økonomisk sosialhjelp frå NAV vera aktuelt etter ei individuell vurdering.

Friskus Fritidskonto er ei mogleg løysing for å administrera ei universell ordning. Samnanger nyttar allereie Friskus aktivitetskalender, og Fritidskonto kan dermed byggja vidare på ei plattform kommunen har teke i bruk. Løysinga legg til rette for at tildeling og betaling kan gjennomførast digitalt, i staden for at kvar søknad og utbetaling vert handsama på same måte som i dagens ordning.

Bruk av Friskus vil likevel ikkje fjerna behovet for kommunal oppfølging. Kommunen vil framleis ha ansvar for innretninga av ordninga og for rettleiing av innbyggjarar, lag og organisasjonar. Det må òg takast omsyn til kostnaden ved den digitale løysinga.

Støttebeløp

Nivået på støttebeløpet har betydning både for kor mykje støtte den enkelte kan få, og for den samla kostnaden for kommunen. I budsjettvedtaket for 2026 vart det lagt til grunn 1 000 kroner per person, medan kommunestyret i sak 16/2026 bad rådmannen sjå på ei ordning med ei grense på inntil 3 000 kroner per år.

Med om lag 500 barn og unge i målgruppa vil ei ordning med 1 000 kroner per barn gi ei maksimal samla utbetaling på om lag 500 000 kroner dersom alle nyttar heile beløpet. Med 2 000 kroner vil tilsvarande sum vera om lag 1 million kroner, medan 3 000 kroner vil gi ei maksimal utbetaling på om lag 1,5 millionar kroner.

Den faktiske kostnaden vil vera avhengig av kor mange som nyttar ordninga, og kor store utgifter den enkelte har. Dersom støtta vert avgrensa til faktisk medlemskontingent eller deltakaravgift, vil ikkje alle nødvendigvis nytta maksimalbeløpet.

Ein høgare maksimal sats vil gi større rom for å dekkja kostnadene ved aktivitetar med høgare kontingent, men vil samstundes kunna gi ein vesentleg høgare samla kostnad dersom mange nyttar ordninga. Til dømes vil ei ordning med 2 000 eller 3 000 kroner kunna overstiga 500 000 kroner sjølv om berre delar av målgruppa nyttar heile beløpet.

Kommunen har avgrensa økonomisk handlingsrom, og det har vore behov for prioriteringar for å finna rom for midlane til fritidsstøtteordninga. Det er òg viktig å ta omsyn til at ordninga skal kunna finansierast over tid. På bakgrunn av dette vurderer rådmannen at eit støttebeløp på inntil 1 000 kroner per barn per år er eit føremålstenleg nivå ved innføring av ordninga.

Økonomiske konsekvensar

Den samla økonomiske ramma for fritidsstøtteordninga er 880 000 kroner for 2026.

Ei øvre grense på 3 000 kroner inneber at den samla utbetalinga kan bli høgare enn den økonomiske ramma dersom ein stor del av målgruppa nyttar heile eller store delar av beløpet. Samstundes er det vanskeleg å anslå den faktiske kostnaden før ein veit kor mange som vil ta ordninga i bruk. Ei universell ordning kan òg føra til at fleire nyttar fritidsstøtta enn gjennom dagens søknadsbaserte ordning.

Det må vidare takast omsyn til at dei ytterlegare 380 000 kronene som vart sette av til fritidsstøtteordninga, er finansierte gjennom redusert avsetning til disposisjonsfond. Midlane er ikkje ei fast årleg løyving. Dersom ordninga skal vidareførast med ei tilsvarande økonomisk ramme, må finansieringa vurderast i samband med dei årlege budsjettprosessane.

Ved bruk av Friskus kjem det i tillegg ein årleg kostnad på 34 800 kroner ekskl. mva. og ein eingongskostnad på 7 000 kroner ekskl. mva. ved oppstart.

Administrative konsekvensar

Dagens fritidstilskotsordning inneber individuell handsaming av søknader, vedtak og utbetalningar. Ved bruk av Friskus Fritidskonto kan tildeling og betaling i større grad handterast gjennom den digitale løysinga.

Dette kan redusera delar av den manuelle sakshandsaminga og gi kommunen samla oversikt over tildeling og bruk av midlane. Samstundes vil kommunen framleis ha administrative oppgåver knytte til drift av ordninga, rettleiing av brukarar og oppfølging av lag og organisasjonar.

Kor stor den administrative gevinsten vert, vil mellom anna avhenga av kor mange som nyttar ordninga og kor mykje oppfølging som vert nødvendig.

Konsekvensar for barn og unge

Ei universell ordning vil gjera fritidsstøtta tilgjengeleg for alle barn og unge i målgruppa, uavhengig av familien sin økonomiske situasjon. Dette kan gi ein lågare terskel for å nytta ordninga og gjera det enklare å få støtte til deltaking i organiserte fritidsaktivitetar.

Ei universell ordning kan samstundes innebera at ein større del av dei kommunale midlane vert fordelte breitt, framfor at støtta vert særskilt retta mot barn og unge med størst økonomisk behov. For familiar som har behov for meir støtte enn det ordninga dekkjer, kan andre støtteordningar vera aktuelle etter gjeldande reglar.

Samla vurdering

Rådmannen vurderer at ei universell fritidsstøtteordning vil kunna gi ei enklare og meir tilgjengeleg ordning enn dagens søknadsbaserte fritidstilskot. Samstundes vil ei universell ordning kunna gi høgare samla bruk av midlar, og støtta vil ikkje vera retta særskilt mot familiar med størst økonomisk hjelpebehov.

Friskus Fritidskonto framstår som ei aktuell digital løysing for administrasjon av ordninga. Samnanger nyttar allereie Friskus aktivitetskalender, og Fritidskonto gir høve til å samla tildeling, betaling og administrasjon i same løysing.

Samtidig er det knytt uvisse til den samla kostnaden ved ordninga, særleg dersom mange nyttar heile støttebeløpet. Finansieringa av ordninga må difor vurderast i samband med dei årlege budsjettprosessane. Eit støttebeløp på inntil 1 000 kroner per barn vil gi større økonomisk føreseielegheit og redusera behovet for ytterlegare finansiering dersom mange tek ordninga i bruk.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Samnanger kommune etablerer ei universell fritidsstøtteordning for barn og unge i alderen 5 (skulealder)–18 år, administrert gjennom Friskus Fritidskonto. Rådmannen tilrår vidare at ordninga vert innretta med eit årleg støttebeløp på inntil 1 000 kroner per barn. Støttebeløpet er vurdert med utgangspunkt i kommunen sitt økonomiske handlingsrom og behovet for ei ordning som kan finansierast over tid.